



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato: 05.07.2018
Vår ref: 18/02459-4
Deres ref: 17/52750-8

Fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan og offentlig ettersyn av forslag til planprogram til fylkesveg 7 forbi Tokagjelet i Kvam herad

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 8. mai 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

Om saka

Dagens veg gjennom Tokagjelet er svært skredutsatt og det skal byggast ny veg i tunnel for å løyse skredproblematikken. Gjennom ny kommunedelplan for fylkesveg 7 forbi Tokagjelet skal traséen til denne tunnelen avgjerast. Planområdet strekkjer seg frå Steinsdalen i Kvam til Frøland i Samnanger.

Fråsegn

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.*

Massehandtering



Prosjektet inneber uttak av store mengder tunnelmassar. Planprogrammet bør gjere greie for massehandtering i prosjektet, og under punkt 3.1 i programmet bør det lagast bærekraftige mål for bruk og handtering av massane.

Det er nemnd i planprogrammet at kommunedelplanen skal gjere greie for løysningar for deponering av massar. Her er det viktig å sjå bruk av massane i regional samanheng. DMF ser positivt på at plassering av massane skal drøftast i konsekvensutgreiinga, og rår kommunen til å greie ut om type, forventta volum og mogleg bruk i tillegg. Mengde i høve til gjenbruk av masser i dei ulike vegalternativane bør vere tema i val av trase.

Konsekvensutgreiinga av landskapsbilete bør ta føre seg bruk av overskotsmassar til istandsetting og arrondering av nytt landskap i forslag til avbøtande tiltak.

Utgreiing av mineralressursar

Planprogrammet bør beskrive registrerte mineralressursar langsmed og nær planlagt veg. Mineralressursar er eit eget utgreiingstema jf. § 21 i Forskrift om konsekvensutredninger (2017), og høyrer naturleg inn under kategorien naturressursar som er nemnd i planprogrammet. Mineralressursar er ikkje -fornybare naturressursar som berre kan bli tekne ut der dei finst naturleg, og det er viktig at gode førekomstar av mineralressursar ikkje blir bygd ned eller bandlagt på anna vis. Oversikt over mineralressursane kan hentast frå kartdatabasane Pukk og grus og Mineralressursar på Noregs geologiske undersøking (NGU) sine heimesider. Det finst mange gode førekomstar av sand og grus innafor planområdet, desse er fordelt på to område; Haug/Froland og Neteland/Byrkjeland/Steine. Mange av førekomstane kjem i konflikt med landbruk. Viss ny trase likevel må gå over landbruksområde og førekomstar, bør ein vurdere om ressursane kan takast ut og nyttast i bygginga av ny veg. Vidare ligg det to pukkverk i drift nært planområdet, Skålheim og Haukeli, som bør vere aktuelle ved behov for handtering av massar i prosjektet.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Hilde Marie Lingstad
seksjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe



Mottakrar:

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN